



## ÅRSMELDING 2011 (for tidsrommet 19/6-10 – 3/9-11)

Styret for selskapet har dette året vore samansett slik: Leiar Arne Skogheim, nestleiar Britt-Mari Sletto, styremedlemmer Kaare Wensaas, Kåre Olav Solhjell og Arild Mikkelsen. Varamedlemmer Eli Sælid, Odd Oleivsgard og Evalill Sletto.

Revisorar har vore Osvald Medhus og Jan Robert Wick. Valnemnd Knut Medhus (leiar) og Knut Øyvind Skaro.

Selskapet har pr. 3. september 2011 94 betalande medlemmer + 1 æresmedlem.

Det har vore halde tre styremøter i tillegg til årsmøtet 19/6-10 og jubileumsmarkeringa 18/6-11, i tillegg til nokre førebuingsmøter i samband med forteljarteateret.

Arbeidet dette året har i hovudsak dreia seg om jubileumsmarkeringa i Sletto laurdag 18.juni. Årsmøtet i selskapet vart sett ut til 3. september. Det hadde vore lite hensiktsmessig å halda årsmøtet den 18. juni dette året, for mellom 200 og 250 Olav Sletto-vener hadde teke vegen til tunet i Sletto den regntunge føremiddagen for å vera med på markeringa av diktaren sin 125-årsdag. Det gledde oss at så mange viste interesse for arrangementet, og alle tilbakemeldingar har vore eintydig positive.

Hol songkor opna programmet, og deretter var det korte helsingar frå Anne Karene Sletto, Osvald Medhus og Arild Mikkelsen. Hovud- innslaget ved markeringa var forteljarteateret ”Per Stavlang”, dramatisert og instruert av Eldgrim Springgard. Den timelange forestillinga trollbatt publikum, og aktørane fekk lang- varig og vel fortent applaus.

Med dei gode tilskota til jubileet frå Hol kommune, Buskerud Fylkeskommune og ikkje minst Hol Sparebank, kom vi velberga i land økonomisk. Rekneskapen for forteljarteateret syner ei utgift på kr.162282,50 som vart finansiert av dei nemnde tilskota. Tilskotet frå Hol Sparebank vart i tillegg brukt til å laga ei noko meir påkosta utgåve av jubileumsheftet, med nytrykk av Sletto si debutbok ”Dei gamle” og med føreord av Kåre Olav Solhjell. Positive annonsørar gjorde og sitt til at heftet denne gongen gav eit lite overskot.

Etter markeringa laga Eva Almhjell ein omfattande fotodokumentasjon som er sendt medlemmene.

Olav Sletto-selskapet takkar alle som var med og gjorde 125-årsmarkeringa til ei positiv oppleving: Barbro Sletto Aasen som opna tun og hus for jubileet, Ragnhild Nestegard og Marie Skogheim som laga Sletto-utstillinga, Hol skyttarlag som ordna med telt, Kjartan

Julshamn som køyrde stolar og bord, Hol Bygdekinnelag som sytte for serveringa og ellers alle som gav styret ei hjelpende hand før, under og etter tilstellinga.

Største takken må likevel gå til Eldgrim Springgard og dei flinke aktørane han hadde med seg, Magnus Malmquist Nybråten, Embrik Ellingsgard, Reidun Aaker, Harald Ellingsgard, Per Ove Nybråten, Arne Aker Gundersen, Skarvebarna under leiing av Ingjerd Almås Anfinset og musikarane Eilif Gundersen og Espen Bergo.

Hol, den 3. september 2011. For styret